


# Vegvisar Valen 2009 Vårn



Kr 50

Arrangert av Valen Oppvekstsenter, FAU, Valen helselag,  
Valen sjukehus og Valestiftinga.



## Vassvegen på Valen

### Søravalselva

Elva frå Bjørkedalsdammen til sjøen

### Bjørkedalsdammen

Ny dam i 1910. Inntaksdam til den nye kraftstasjonen som stod ferdig hausten 1910.

### Stemmastølen

Elvaskille der Tverrelva vart ført over til Sørevalen.

### Valeelva og Tverrelva

Valeelva rann opprindeleg ut i Handelandselva, men vart alt frå 1700 talet leia over til Valen.

### Svartatjødno

Inntaksdam for den nye kraftstasjonen som vart bygd i 1939

### Elvadammen

Oppdemming i elva for å overføra vatnet til Svartatjødno. Ny i 1939.

### Valedalsdammen

Hovudmagasinet til Kraftverket.

### Vetledalsdammen

Reservemagasin som vart opna når vassløysa meldte seg på ettervinteren.

## Kraftverkanlegga på Valen

Det er i år 100 år sidan anleggsarbeidet med Kraftutbygging på Valen tok til. Bygging av inntaksdam i Bjørkedalen, Hovudmagasinet i Valedalen og reservemagasin i Vetledalen.

Hovudinntaket låg i Bjørkedalsdammen og hadde ei fallhøgde på 160 meter. Røyrsgata blei bygd i klinka stålrøyr, og den var delvis nedgrave. Der kor den var framme i dagen vart den overbygd med tak.

I 1939 var kraftstasjonen gått av dato, og ein ny blei bygd. Bileta viser at den er i ein heilt ny stil – den funksjonalistiske. Alt i bygget skulle ha ein funksjon, og det blei lagt liten vekt på det estetiske og vakre.

Men i dag er det vanleg at folk meiner at funksisstilen er estetisk og verneverdig.

Den nye kraftstasjonen fekk nytt hovudinntak i Svartatjødno. Fallhøgda er her 280 meter og røyrsgata har ei total lengde på 1483 m. Røyrsgata vart bygd dels av jarn og dels av tre. Årsaka til at den blei bygd delvis i tre er fordi at dette var billigare. Ulempene med tre er at det fører med seg meir vedlikehald, og tryggleiken er dårlegare. Dette blei ikkje sett på som eit stort problem fordi fallet frå inntaket var så lavt. Og i denne kraftstasjonen blei det kjøpt inn Pelton-turbinar, ein i 1939 og ein i 1955.



*Ny kraftstasjon og nytt anlegg i 2008*

## Trollåsen

Eventyrskrivaren Chr Asbjørnsen var på besøk på Valen i 1860-åra. Han har ei flott naturskildring i eventyret "En Vestnorsk Skovdal" frå Valen og skogen her. Han let ein lokal husmann fortelja om trolla og huldrefolket som budde i Trollåsen. Fortellingane gjev og ein god del opplysningar om tilhøva i Valevassdraget i gammal tid.

## Stemmastølen

Stemmastølen er navnet på eit elvaskilje i Valevassdraget. Dette er truleg den første regulerings-dammen i Valevassdraget.

Alt for fleire hundre år sidan vart det på denne staden laga kunstig oppdemming av elva og vassveg over myrane slik at vatnet vart ført til Valen. Det var viktig at Valegarden hadde vassføring for sag, mølle og stampe i Valeelva.

## *Kvekarstien*

I 1950- og 60- åra heldt tyske kvekarar sommarleir på Valen. Dei gjorde eit framifrå arbeid med veiting av myrar og bygging av stier og bruer i området frå Stemmastølen til Elvadammen og ellers kring Svartatjørnbrakka der dei heldt hus.